



André Lie  
Nordre Austmarka 68  
5938 SÆBØVÅGEN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 18/2581 - 18/17110

Saksbehandlar:  
Katrine Bjordal Midttun  
katrine.bjordal.midttun@radoy.kommune.no

Dato:  
22.01.2019

## Byggesak Gbnr 77/35 Solheim Vestre - sikringsmur - løyve i eitt-steg

Delegasjonssak nr.: 305/2018

**Administrativt vedtak. Saknr: 305/2018**

### Adresse:

**Tiltakshavar:** Andre Lie og Annike Hagesæter Lie  
**Ansvarleg søkjar:** Arkoconsult AS  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

### Saksutgreiing:

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av ein sikringsmur med ei maks høgde på 2,5 meter og 28,7 meter lang. Bakgrunn for omsøkte tiltak er for å sikra området under reguleringsplan for Hylla. Området ligg innafor ei skredfare sone (S2). Muren vert oppført i henhold til utarbeida skredrapport /georapport utarbeidd av geolog. Muren erstattar ei gamal forstøtningsmur som er i dårleg forfatning.

Det vert elles vist til søknad motteke 12.11.2018.

### Sakshandsamingsfrist

Det vert elles vist til søknad motteken den 12.11.2018. Søknaden var komplett og klar for handsaming den 18.01.2019 og frist for sakshandsaming etter pbl. § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

## **Planstatus**

Eigedommen ligg i regulert område innafor det som i reguleringsplanen for Del av Austmarka 3. byggesteg er definert som bustadformål.

## **Dispensasjon**

Omsøkte tiltak krev ikkje dispensasjon.

## **Uttale frå anna styresmakt**

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

## **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

## **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 16.10.2018.

Den nye muren vil kome nærare enn 4 meter frå felles grense med gnr. 77 bnr. 25 og bnr. 77 bnr 8 i Radøy kommune. Eigar av gnr. 77 bnr. 8, Radøy kommune, og eigar av gnr. 77 bnr. 25, Geir Knudsen, har samtykka til at muren på gnr. 77 bnr. 35 kan stå inntil 0 meter frå felles grense.

## **Vatn og avløp (VA)**

Vert ikkje endra av tiltaket.

## **Tilkomst, avkjørsle og parkering**

Vert ikkje endra av tiltaket.

## **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

## **Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve**

Ansvarleg søkjar har erklært at tiltaket skal plasserast i område som ligg i skredfare sone S2. Muren vert oppført i henhold til utarbeida skredrapport /georapport utarbeidd av geolog. Muren erstattar ei gamal forstøtningsmur som er i dårleg forfatning.

## **Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK 17), jf. pbl. § 29-5.

## **Ansvarsrettar**

Ansvarsrettar i saka går fram av egenerklæring om ansvarsrett og gjennomføringsplan, journalført motteke 12.11 og supplert 05.12.2018. Ansvarleg søkjar har vurdert sikringstiltaket å vere innafor tiltaksklasse 1.

## **VURDERING**

### **Plassering**

Tiltaket er søkt om 0 meter frå nabogrensa.

Det følgjer av pbl. § 29-4 at byggverk skal plasseres 4 meter frå nabogrensa. Videre følgjer det av tredje ledd at:

*«Kommunen kan godkjenne at byggverk plasseres nærmere nabogrense enn nevnt i andre ledd eller i nabogrense:*

- a) når eier (fester) av naboeiendommen har gitt skriftlig samtykke»*

I denne saka har nabo gjeve samtykke til plassering i grensa. Vidare skal tiltaket forbetre eksisterande situasjon ved at den gamle muren blir erstatte med ein mur i tråd med dagens krav.

Kommunen finn dermed å kunne gje løyve til plassering av mur som søkt om.

### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har vurdert prinsippa i § 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

### **VEDTAK:**

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 a) og 20-2 a) vert det GODKJENT løyve til oppføring av sikringsmur på gnr. 77 bnr. 35 på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 12.11.2018, jf. pbl. § 29-4 tredje ledd bokstav a), jf. SAK § 6-3.
2. Det vert føresett at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhold av plan -og bygningsloven, herunder kommuneplanen og reguleringsplanen sine føresegner. Dersom søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet.
3. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1 med heimel i SAK § 9-3.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### **Bortfall av løyve**

*Om bygggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

## **Avfall**

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*

## **Mellombels bruksløyve/Ferdigattest**

*Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av tiltaket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

## **Gebyr**

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

|                               |                                     |                    |
|-------------------------------|-------------------------------------|--------------------|
| Kode: 10.2.8.                 | Basisgebyr andre konstruksjonar     | Kr. 6 700,-        |
| Kode: 10.2.11                 | Mangelfull sak m/melding til søkjer | Kr. 2 400,-        |
| <b>Totalt gebyr å betala:</b> |                                     | <b>Kr. 9 100,-</b> |

Faktura vert sendt per post.

## **Klage på gebyr**

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngeven.

## **Klage:**

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngevast.*

*Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b*

**Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.**

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt jurist byggesak Katrine Bjordal Midttun.

Med helsing

Silje Haukedal  
konst. leiar teknisk forvaltning

Katrine Bjordal Midttun  
jurist byggesak

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Arkoconsult AS

Postboks 103 5291

VALESTRANDSFOSEN

**Mottakere:**

André Lie

Nordre Austmarka 5938

SÆBØVÅGEN

68

Annike Hagesæter Lie

Nordre Austmarka 5938

SÆBØVÅGEN

68